

Monstermanet



TEKST: INGRID SPILDE

Dei djupe hava skjuler mange løyn-
dommar. Nyleg oppdaga forskarar ei
gedigen, eldraud manet som duppa
rundt i havet utanfor California i USA.
Gelédýret var ein heil meter i diame-
ter, altså like stort som hatten på ein
paraply. Men forskarane hadde sett
store sjødyr før, og vart eigentleg mest
overraska over det dei fann på undersi-


da av geléklumpen. Der sat det nemleg
eit knippe armar, i staden for vanlege
manettentaklar.

No lurar du kanskje på kvifor dei dig-
re, raude manetene ikkje har vorte
oppdaga for lenge sidan? I grunnen er
det ikkje så merkeleg. Desse dyra su-
ser nemleg rundt nede på 650 til 1500
meters djup, altså omtrent ein kilome-
ter under overflata. Skulle ein dykke

heilt ned dit, hadde ein vorte flat som
ei pannekake på vegen! Derfor er det
ikkje så lett å få greie på kva som fø-
regår der nede heller. Maneta vart
oppdaga då ho tilfeldigvis flagra forbi
kameraet til ein fjernstyrt ubåt. No er
forskarane spente på kva meir dei kan
finne ut om den raude maneta, og an-
dre merkverdige ting som kan gøyme
seg nede i djupet.



Oppgave til artikkelen «Monstermanet»



1. Kva handla teksten du har lese om?
2. Kva vart forskarane overraska over å finne?
3. Korleis vart maneten oppdaga?
4. Finn ein paraply. Korleis kan ein paraply brukast til denne leseteksten?
5. Sjekk kor mange i klassen som kan stå under paraplyen samtidig.
6. Kor mange centimeter omkrets har denne maneten?

